



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested:	Telefonmøte
Dato:	10.01.2020
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til Kari Sveen, på e-post eller mobil 948 80 564.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Viser til gjennomgang og førebels drøfting av kraftverksøknaden i møte 18.11.19.

Som avtala vert det med dette kalla inn til telefonmøte for behandling av søknaden.



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2020	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/2020	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon og konsesjon - 2019 - Mikrokraftverk Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn v/ Kleppconsult v/ J. Flaata		2019/8456
ST 3/2020	Eventuelt		

ST 1/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden



Arkivsaksnummer:	2019/8456-20	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	18.10.2019
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	2/2020	10.01.2020

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon og konsesjon - 2019 - Mikrokraftverk Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn - Kleppconsult v/ J. Flaata

Innstilling frå forvaltar

1. Dispensasjon frå verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde

Kleppconsult AS får på vegne av DNT Oslo og omegn dispensasjon for å gå vidare med søknad om etablering av Skogadalsbøen mikrokraftverk, for energiforsyning til turisthytta. Dispensasjonen blir gjeve med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, jf. § 4 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev dispensasjon frå verneforskrifta for bygging av Skogadøla mikrokraftverk, med inntak kote 850 moh og kraftstasjon ca. kote 800 moh, med følgjande **vilkår**:

- Inntak ved kote 850 moh skal utformast med god terrengtilpassing i området ved eksisterande vassinntak.
- Terrenginngrep skal avgrensast til det som er heilt nødvendig, og alle inngrep ved inntak, kraftstasjon og i røyrgate skal jamnast til og leggjast til rette for revegetering.
- Vegetasjonsmasser skal leggjast til side og takast vare på, og brukast som toppdekke for revegetering av alle terrenginngrep og køyrespor.
- Inngrepssone langs røyrgata skal haldast innan omsøkt breidde på 8 meter. Dette skal dokumenterast ved detaljplan. Eventuell riggplass i tilknytning til røyrgate og kraftstasjon skal plasserast slik at ein har skjerming mot direkte innsyn. Eksisterande bjørkeskog bør vurderast som skjerm. Også dette avklarast i detaljplanen.
- Ein midlertidig anleggsveg kan om nødvendig etablerast for bruk i byggeperioden, og skal tilbakeførast ved anleggsslutt.
- Det skal utarbeidast detaljplanar og etablerast internkontrollsystem for anlegget, i samsvar med krav frå Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE).
- Detaljplanen skal også leggjast fram for nasjonalparkstyret, og skal i tillegg til detaljavklaringar også vise korleis prosjektet vil følgjast opp i byggeperioden.
- Dersom det ved detaljplanlegging viser seg at vilkåra ikkje kan oppfyllest, fell dispensasjonen bort.

2. Vedtak i medhald av vassressurslova

Med heimel i vassressurslova § 33 godkjenner Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konsesjon for Skogadalsbøen Kraftverk, med vilkår slik det går fram av vedlegg til saka. Dette dannar saman med NVE sitt vedtak av 18.10.2019 om konsekvensklassifisering grunnlaget for vidare detaljplanlegging av tiltaket.



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

3. Detaljplan og gjennomføringsplan skal godkjennast av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), jf. uttale frå NVE, datert 06.09.2019. Detaljplanen skal også leggjast fram for nasjonalparkstyret.

Dersom detaljplanlegginga viser at det ikkje let seg gjera å gjennomføre tiltaket i tråd med vilkår i dispensasjonsvedtaket når det gjeld omfang av terrenginngrep, må alternative løysingar som skissert i notat av 12.11.19 frå Kleppconsult utgreiast nærare, i tett dialog med NVE og forvaltningsstyresmakta for Utladalen landskapsvernområde.

Andre forhold

Luster kommune skal vurdere utbyggingssøknaden i medhald av plan- og bygningslova. Vidare er det ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke til tiltaket.

Når det gjeld gjennomføringsplanen skal motorferdsel behandlast både av nasjonalparkstyret etter verneforskrifta, og av Luster kommune som myndigheit etter motorfersellova.

For oppfølging i anleggsfasen må plan for byggjemøte ligge føre i god nok tid til at nasjonalparkforvaltar og/eller SNO skal kunne delta ved behov.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Forprosjekt og referat frå oppstartsynfaring 15. juni 2018
2. Søknad på vegne av Den Norske Turistforening Oslo og Omegn om konsesjon for kraftverk knytt til drifta av Skogadalsbøen Turisthytte i Utladalen landskapsvernområde. Kleppconsult v/ Johannes Flaata har sendt over følgjande dokument ved e-post av 24.03.2019:
 - A. *Konsesjonssøknad Skogadalsbøen Mikrokraftverk*
 - B. *Søknadsbrev til nasjonalparkstyret*
 - C. *Hydrologirapport Skogsdalsbøen Mikrokraftverk*
 - D. *Produksjonsberegning*
 - E. *Brev NVE søknad om sikkerhetsklassifisering av dam og rørgate*
 - F. *Vurdering av bruddkonsekvenser Skogadalsbøen Mikrokraftverk for rørgate og inntak*
 - G. *NVE skjema Skogadalsbøen Mikrokraftverk Klassifisering dammer og trykkrør*
 - H. *Rapport biologisk mangfold - Skogadalsbøen Mikrokraftverk*
3. Høyringsbrev av 16.05.19 frå nasjonalparkforvaltar med orientering om prosess for behandling av søknad
4. Referat frå synfaring 17. juni 2019 – Utladalen landskapsvernområde - Mikrokraftverk Skogadalsbøen
5. Innkomne uttaler / innspel frå høyringspartar
 - A. Luster kommune - Brev av 08.06.19 - *Melding om politisk behandling - Luster kommune - Offentleg høyring – Skogadalsbøen*
 - B. Fylkesmannen i Vestland – brev av 20.08.2019 - *Fråsegn til søknad om bygging av Skogadalsbøen mikrokraftverk - Utladalen landskapsvernområde - Luster kommune*
 - C. Norges vassdrags- og energidirektorat – brev av 06.09.19 – *NVEs uttalelse til søknad om konsesjon til Skogadalsbøen mikrokraftverk*
 - D. Sogn og Fjordane fylkeskommune – brev av 23.09.19 – *Svar – Offentleg høyring – Skogadalsbøen Mikrokraftverk i Utladalen*
 - E. Fylkesmannen i Vestland – Ny uttale ved brev av 25.10.2019 – *Tilleggsfråsegn til søknad om bygging av Skogadalsbøen mikrokraftverk - Utladalen landskapsvernområde i Luster kommune*



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

6. Brev av 18.10.2019 frå NVE - Vedtak om klassifisering av dam og vassveg Skogadalsbøen Mikrokraftverk, oversendt ved e-post frå Kleppconsult (som konsesjonsmyndigheit i verneområdet burde Nasjonalparkstyret fått vedtaket direkte).
7. Rapport sendt 14.11.19 frå Kleppconsult AS - *Svar fra tiltakshaver på innkomne høringsuttalelser vedrørende konsesjonssøknad for Skogadalsbøen Mikrokraftverk*
8. Notat av 12.11.19 frå Kleppconsult AS – *Svar på tilleggsfråsegner fra Fylkesmannen i Vestland. Vedlegg til saka.*

Alle dokument i søknaden er lagt ut på nasjonalparkstyret si nettside:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/Nyhende/Soknad-om-Mikrokraftverk-ved-Skogadalsboen/>

Dette har gjeve alle med interesse for saka høve til å setja seg inn i saka og koma med innspel. Det har vore god dialog med tiltakshavar undervegs i prosessen.

Saksopplysningar

Kleppconsult v/ Johannes Flaata har på vegne av Den Norske Turistforening Oslo og Omegn søkt om konsesjon for Skogadalsbøen Mikrokraftverk knytt til drifta av Skogadalsbøen turisthytte i Utladalen landskapsvernområde. Kraftverket vil i stor grad erstatte eksisterande kraftforsyning frå dieselaggregat. Aggregatet vil etter etablering berre nyttast i vintersesong / påske og ved eventuell driftsstans i kraftverket. Det er planlagt å nytte 50 meter fall i elva og bruke maksimalt 20% av middelvassføringa.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har i sak 36/2018 og 16/2019 behandla ei liknande sak, som gjeld oppgradering og utviding av Memurubu Minikraftverk.

Saksgang:

Det er lagt opp ein slik prosess:

Del 1) Overordna avklaringar

1. Synfaring 15. juni 2018 med gjennomgang av forprosjektrapport saman med forvaltarane
2. Informasjon til høyringspartane (organisasjonar, off.myndigheiter og private) ved høyringsbrev av 16.05.19
3. Kunngjering i lokalpressa ved annonse i Sogn avis
4. Offentleg høyring i perioden 16. mai 2019 til 30. august 2019
5. Utlegging på nettsider (nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen.no)
6. Felles synfaring 17.06.2019, med NVE, grunneigarar, kommune og NP-forvaltning
7. Samanstilling av høyringsinnspela, med merknader frå tiltakshavar
8. Behandle saka etter verneforskrifta og vassressurslova § 33 (nasjonalparkstyret)
9. Behandlingar av NVE som faginstans, sikkerheitsklassifisering og detaljplanar
10. Behandle saka i kommunen – basert på høyringsinnspela og kommentarane.
11. Behandle saka etter laks- og innlandsfiskelova (fylkeskommunen – basert på dei same høyringsinnspela og kommentarane)

Norges Vassdrags- og Energidirektorat har gjort vurdering for konsekvensklassifisering av dam og røyrgate, jf. brev av 18.10.19 frå NVE: «NVE har vurdert saka etter § 4-1 i forskrift om sikkerhet i vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta). Både vassvegen og inntaksdammen oppfyller kriteria for automatisk plassering i konsekvensklasse 0. Det er såleis ikkje naudsynt å gjere enkeltvedtak om konsekvensklasse.» Vedtak om klassifisering og uttale av 06.09.19 gjev vidare føringar for arbeidet med tekniske detaljplanar.



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

Del 2) Detaljplanlegging

Neste trinn for tiltakshavar blir å utarbeide tekniske planar som fyller vilkår som følgjer av overordna vedtak og konsekvensklassifiseringa. Detaljerte planar for anlegget skal både godkjennast av NVE og leggjast fram for Nasjonalparkstyret for detaljert godkjenning etter verneforskrifta. NP-styret skal både behandle dispensasjon for inngrep og motorferdselsplan for anleggsarbeidet.

Utbygginga krev også vurdering av kommunen etter plan- og bygningslova, og samtykke frå grunneigar. Representantar frå grunneigar deltok på synfaring 17. juni.

Del 3) Byggeprosess

Det vil vera viktig med tett oppfølging av entreprenør undervegs i byggeprosessen. Opplegg for oppfølging må avklarast i samband med detaljplanlegginga.

Heimelsgrunnlag

Delegering

I medhald av § 64 2. ledd i *Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)* er kommunen vassdragsmyndigheit for kraftverk med installert effekt inntil 1 MW:

«Kommunen treffer vedtak om konsesjon til vannkraftverk på inntil 1 MW installert effekt etter § 8 første ledd. Kongen kan gi forskrift om unntak fra første punktum. Kommunen fører tilsyn med at utbyggingen skjer i samsvar med konsesjonen og kan kreve retting etter § 59 og pålegge tvangsmulkt etter § 60. Kommunen er myndighet etter §§ 27 og 28 for vedtak etter dette leddet.»

Med heimel i § 1 i *Forskrift om kommunens myndighet i mindre vannkraftsaker*, som vart sett i kraft 1. januar 2018, gjeld slik unntak i verna vassdrag:

«Kommunens myndighet til å treffe vedtak om konsesjon etter vannressursloven § 64 annet ledd omfatter ikke følgende vannkraftverk:

a. vannkraftverk i vernede vassdrag

- - - (b.-g.)

Norges vassdrags- og energidirektorat treffer vedtak for vannkraftverk som omfattes av unntakene i første ledd.- - -»

Forskrifta om overføring av vedtakskompetanse legg til grunn at myndigheita skal utøvast innanfor følgjande rammer (utdrag av høyringsnotat frå Olje- og energidepartementet):

- *Skjønnnet skal utøves i samsvar med de til enhver tid gjeldende retningslinjer for små vannkraftverk, jf. gjeldende retningslinjer vedtatt av Olje- og energidepartementet 18. juni 2007.*
- *For tillatelsen skal fastsettes nødvendige vilkår etter vannressursloven § 26. Utformingen av vilkårene skal ta utgangspunkt i standardvilkår utarbeidet av energi- og vassdragsmyndighetene i samråd med andre myndigheter.*
- *Godkjenning av detaljplaner og senere tilsyn i anleggs- og driftsfase skal tilligge NVE. Mindre endringer som kan inngå som del av detaljplangodkjenning tilligger NVE.*
- *Standardvilkår for naturforvaltning skal følges opp av fylkesmannen.*

Som følgje av at tiltaket ligg i nasjonalpark skal saka behandlast av vernemyndigheita, jf. § 33 i vassressurslova, der andre ledd spesifiserer at reglane i naturmangfaldlova om områdevern gjeld i staden for vassressurslova. Sidan det både er verna vassdrag og nasjonalpark er dermed Nasjonalparkstyret konsesjonsmyndigheit. Vrl. § 33 andre ledd, andre punktum



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

spesifiserer og at reglane om sikkerheit og tilsyn i vassressurslova likevel gjeld, dvs. at NVE skal godkjenne detaljplanar for utbygging og vedta klassifisering.

§ 33.(reglene for vernede vassdrag)

«I vernede vassdrag ivaretas vernet særlig gjennom

- a) reglene i denne lov, herunder særreglene i dette kapittel,*
- b) bestemmelser i vedtak etter naturmangfoldloven kapittel V, eller*
- c) rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven.*

For så vidt vassdraget går inn under vedtak etter naturmangfoldloven kapittel V, gjelder reglene i og i medhold av naturmangfoldloven istedenfor loven her. Reglene om sikkerhet, tilsyn, erstatning og hvem som kan utøve rådighet i loven her gjelder likevel. Går et vernet vassdrag inn under bindende plan etter plan- og bygningsloven, gjelder reglene i loven her ved siden av slik plan.»

Vidare legg vassressurslova § 35 ulike føringar for tiltak i verna vassdrag:

«I vernede vassdrag der vernet ivaretas gjennom denne lov, kan eksisterende anlegg bestå og igangværende virksomhet fortsette, om ikke annet følger av §§ 66 og 67. For øvrig gjelder følgende særregler:

6. Ombygging av eksisterende anlegg som innebærer utvidelser, kan bare tillates hvis forholdene i vassdraget etter en samlet vurdering vil være miljømessig like gunstige som før ombyggingen.

8. Når vassdragsmyndigheten treffer avgjørelser som gjelder et vernet vassdrag etter denne lov, skal det legges vesentlig vekt på hensynet til verneverdiene. Vassdragsmyndigheten kan avslå en søknad om konsesjon uten ytterligere saksbehandling. Blir det gitt konsesjon, skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan verneverdiene antas å bli berørt og hvorfor dette ikke har vært avgjørende for vedtaket.»

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015:

«Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Miljødirektoratet har med hjemmel i naturmangfoldloven § 62 annet ledd og tredje punktum, jf Klima- og miljødepartementets delegering av myndighet til Miljødirektoratet i brev av 14. oktober 2014, jf. kongelig resolusjon av 4. juni 2010 fastsatt følgende vedtekter for nasjonalparkstyret gjeldende fra 13. august 2015:

1. VEDTEKTENES FORMÅL

Formålet med disse vedtektene er å legge til rette for en helhetlig og kunnskapsbasert forvaltning av de verneområder styret har ansvar for.

Vedtektene skal sørge for at nasjonalparkstyret skal kunne oppfylle formålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelser.

2. STYRETS MYNDIGHET

Dette verneområdet skal forvaltes av et nasjonalparkstyre, jf. naturmangfoldloven § 62 annet ledd tredje punktum, innenfor rammen av naturmangfoldloven, herunder lovkapittel II Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk, lovkapittel V Områdevern og verneforskrifter for de enkelte verneområdene. - - - »



Verneformål – forskrift

§ 3, pkt. 1.1 gjev i utgangspunktet vern mot alle inngrep i landskapet:

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.»

Forvaltningsstyresmakta kan i medhald av § 3 pkt. 1.3 j) gi løyve til:

«Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.»

§ 3 pkt. 1.3 j) er ein spesifikk dispensasjonsregel i verneforskrifta knytt til oppgradering/fornyng av kraftanlegg. Det vert vurdert at utviding av kraftverket med ny påverka strekning i vassdraget og forlenging av røyrkata ikkje kjem inn under denne paragrafen. Saka må då bli vurdert etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4 i verneforskrifta som er erstatta av §48 i naturmangfaldlova. Det er strenge vilkår knytt til dispensasjon etter denne regelen:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig.»

Forvaltningsplan

Utkast til forvaltningsplan (2008), som er brukt som rettleiande dokument, gjev slike føringar:

Kap. 8.2 - TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST

«Mikrokraftverk for turisthyttene må vurderast konkret m.o.t. føremoner og ulemper, t.d. motorferdsel av diesel og støyproblem opp mot fråver av vassdragsnatur og inngrepa som bygging av mikrokraftverk inneber. Skogadalsbøen har lansert planar om bygging av mikrokraftverk som skal stå for straumforsyninga til turisthytta. Dette for å redusere helikoptertransport av diesel til motoraggregat. Det ligg og føre forslag/idear om minikraftverk både på Gjendebu, Glitterheim(Storåe) og Memurubu (Hestbekken) Memurubu turisthytte har eit minikraftverk frå 1972 (dvs. før nasjonalparken vart oppretta), effekt ca. 60 kW. Mikrokraftverk kan i nokre tilfelle vere ei god løysing ut frå ei total miljøfagleg vurdering. Det vil ikkje vere rett å tillate nye vasskraftutbyggingar i nasjonalparken for å dekkje energibehovet for turistbedrifter med høg (hotell-liknande) standard.

Fylkesmannen meiner at mikrokraftanlegg nokre gonger kan vere ei løysing dersom inngrepa er små, lite synlege, inntaket av vatn lite og at krafta skal brukast på staden.»

Kap. 8.14. - AVFALL, UREINING OG STØY

«Bruk av dieselaggregat til drifta av turisthyttene gjev ureining, støy og motorisert transport av diesel. Ofte vil bruk av dieselaggregat vere den einaste aktuelle løysinga for produksjon av elektrisk straum. Nokre stader kan tilhøva ligge til rette for bruk av mikrokraftverk. Når tilhøva ligg til rette for det, bør dette alternativet bli utgreidd. Eventuelle søknader om bygging av mikrokraftverk må vurderast i kvart enkelt tilfelle i høve til verneformålet og i høve til akseptabel standard på turisthyttene jfr kap 8.2. For slike søknader vil forvaltnings-styresmakta ta kontakt med og samarbeida med Norges Vassdrags- og Energiverk.»



Naturmangfaldlova

Alle tiltak blir vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12, i tillegg til dispensasjonsheimel i § 48.

Presedens

Det er to søknader om småkraftverk under behandling. Kraftverket i Memurubu var etablert før Jotunheimen nasjonalpark vart oppretta i 1980, men tiltaket må behandlast etter same prinsipp som nyanlegg sidan det er søkt om utviding. Dette gjer at dei to søknadane til ein viss grad kan samanliknast, sjølv om landskapsvernområde er ei mildare verneform enn nasjonalpark. Samtidig gjeld søknaden for Skogadalsbøen eit heilt nytt anlegg, med ny kraftstasjon og røyrgate som medfører terrenginngrep på urørt område. Ved godkjenning av eit heilt nytt anlegg kan det skapast forventningar om liknande anlegg ved andre bedrifter der dei naturgjevne forholda ligg til rette for vasskraftproduksjon. Det er kjent at DNT også har hatt meir uformelle diskusjonar om små vasskraftverk kan vera eit alternativ til dieseldrift også ved Glitterheim og Gjendebu turisthytter. Presedensverknaden er likevel ikkje veldig sterk. Dei to nemnde turisthyttene har ikkje same transportmessige utfordringar som Skogadalsbøen, som må ha alt inn med helikopter. Inngrep og påverknad på verneverdiane må uansett vurderast konkret i kvar enkelt sak.

Verneplan for vassdrag

074/1 Utle inngår i verneplan for vassdrag. Vernegrunnlag: *«Vassdragets breer, elver og vann er sentrale deler av et kontrastrikt landskap med kort avstand mellom høyfjell og fjord. I overgangen mellom fjell og dal går elveløpene i kraftige fosser, fossestryk og stryk. Elveløpsformer og skredformer med tilhørende aktive prosesser, isavsmeltingsformer, botanikk og fuglefauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Viktig for friluftslivet. Hele vassdraget ligger i landskapsvernområde og nasjonalpark.»*

Samandrag av mottekne innspel i høyringa, med merknader frå tiltakshavar og saksbehandlar

Luster kommune - Brev av 08.06.19 - *Melding om politisk behandling - Luster kommune - Offentleg høyring – Skogadalsbøen*

«Luster kommune er positiv til etablering av eit mikrokraftverk i Skogadøla som kan erstatte bruk av dieselaggregat som energikjelde for drift av turisthytta. Sjølv om anlegget ligg i Utladalen landskapsvernområde, meiner kommunen at tilpassinga av anlegget til terrenget og avbøtande tiltak med minstevassføring gjer tiltaket akseptabelt.»

Svar frå tiltakshavar

«Tiltakshaver er takknemlig for at Luster kommune stiller seg positivt til å bygge et mikrokraftverk for Skogadalsbøen Turisthytte og at planlagt vannføring på 20 % av middelvannføringen kan aksepteres i den hensikt at en vil spare miljøet for store inngrep for å oppnå nødvendig dimensjonering av kraftbehovet til Turisthytten.»

Merknad frå saksbehandlar:

Forhold som blir vektlagt i uttalen blir teke med vidare i detaljplanlegginga



Fylkesmannen i Vestland – brev av 20.08.2019 – Fråsegn til søknad om bygging av Skogadalsbøen mikrokraftverk – Utladalen landskapsvernområde – Luster kommune

«Fylkesmannen i Vestland meiner at bygging av Skogadalsbøen mikrokraftverk vil få akseptable konsekvensar for naturmiljø, landskap og friluftsliv, føresett at det blir stilt krav om å minimere inngrepa knytt til utbygginga.

Konklusjon

Søknaden er definert som eit miljøtiltak, og er grunngitt med eit ønske om å fase ut dieselaggregatet, for å redusere ureining og transportbehov. Sett opp mot desse fordelane, og føresett tilstrekkelege krav til utbygginga for å minimere inngrepa, meiner vi det vil bli akseptable konsekvensar for naturmiljø, landskap og friluftsliv.»

Merknad frå saksbehandlar:

Det har kome ein tilleggsutale frå FM-Vestland 25.10.19, og denne blir kommentert under. Denne første uttalen med annan konklusjon blir derfor ikkje nærare kommentert her.

Norges vassdrags- og energidirektorat – brev av 06.09.19 – NVEs uttalelse til søknad om konsesjon til Skogadalsbøen mikrokraftverk

«Sammendrag

Mye fjell, blokk og sidehelling tilsier at det planlagte tiltaket ligger i anleggsteknisk krevende terreng.

Tiltaket ligger også i aktsomhetsområde for både flom og skred og må tilfredsstillende sikkerhetskrav gitt i byggeteknisk forskrift før eventuell bygging kan starte.

Utbyggingskostnaden for prosjektet ligger høyere enn gjennomsnittet i forhold til vind- og småkraftprosjekter som har endelig konsesjon.

Kraftverket er likevel ikke planlagt ut fra økonomisk optimalisering av vannressursen, men tilpasset forsyningsbehovet i Skogadalsbøen turisthytte. NVE mener det derfor ikke er naturlig å gjøre en full kostnytte-sammenligning med andre konsesjonsgitte prosjekter. NVE har ikke vesentlige merknader om hydrologi for prosjektet.»

NVE uttrykker skepsis til søknaden når det gjeld terrenginngrep:

Anleggstekniske forhold

Terrenget hvor rørgata er planlagt nedgravd består av mye fjell og blokkmark, og det er begrenset med løsmasser i store deler av traseen. I nedre deler av rørgatetraseen er det mye sidehelling og kraftstasjonstomta er planlagt i krevende terreng. Disse forholdene tilsier erfaringsmessig at det vil bli behov for mye sprenging og store terrenginngrep. En anleggsbredde på 6-8 meter som oppgitt i søknaden fremstår som urealistisk. Etter vårt syn vil det være behov for en anleggsbredde som minimum er 2 til 3 ganger så stor. NVE har i løpet av de siste 10 årene behandlet mange hundre søknader om konsesjon til småkraftverk, og miljørapportene som følger disse søknadene har aldri fremhevet nødvendige terrenginngrep som et mulig positivt tiltak for biologisk mangfold. Tvert imot vurderes det i hvilken grad slike terrenginngrep er skadelig, og det er ingen kjente forhold som tilsier at dette tiltaket bør vurderes annerledes. Selv om området rundt Skogadalsbøen er frodigere enn omkringliggende terreng, så tilsier allikevel høyden over havet at vekstsesongen er kort. Dette, i kombinasjon med tynt toppdekke av løsmasser, tilsier at revegetering av rørgatetraseen vil gå tregere enn sammenliknbare tiltak i lavlandet. Terrenginngrepet vil derfor være svært godt synlig i svært lang tid fremover, og det er all grunn til å tro at det også vil påvirke det biologiske mangfoldet negativt i influensområdet.



Flom og skred

Tiltaket ligger innenfor aktsomhetsområder for både flom og skred.

I konsesjonssøknaden er grunnvann, flom og erosjon kort omtalt i kap. 3.3. Det er ikke lagt ved vurderinger av fagkyndige som avklarer om tiltaket ligger i et tilstrekkelig trygt område i samsvar med krav i byggt teknisk forskrift (TEK17) kapittel 7.

Søknad om konsesjon for tiltak etter vannressursloven eller energiloven er fritatt for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova, jf. byggesaksforskriften § 4-3 b. Tiltaket er likevel ikke unntatt materielle krav til trygghet, og reell fare må avklares før det blir gitt tillatelse til gjennomføring av tiltak. Vi viser til Direktoratet for Byggkvalitet sin rettleder «Utbygging i fareområde» kap. 2.9.

NVE råder også til å fokusere på at inntaket planlegges på en måte som ikke er til fare for at elva tar nytt løp i en flomsituasjon, med påfølgende fare for erosjonsskader langs rørgata. Nedgravd rørgate kan også bli utsatt for påkjenninger fra skred. Det er viktig at kjøreskader/-inngrep slik som veg, ikke medfører oppsamling av vann som kan påvirke faren for jord- og flomskred negativt for nedstrøms områder. Det er også vesentlig at det er tilstrekkelig med masser for å kunne grave ned rørgata.

Forholdet til skred og flom vil bli ivaretatt gjennom NVEs godkjenning av detaljerte planer for sikkerhet, landskap og miljø ved en eventuell utbygging.

Det blir videre understreka:

«Den som får en eventuell konsesjon kan ikke begynne å bygge før det foreligger vedtak om konsekvensklassifisering av dam og rørgate fra NVE. Konsekvensklassen er bestemmende for sikkerhetskravene som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planer starter.»

Svar frå tiltakshavar

Anleggstekniske forhold

Tiltakshaver merker seg at NVE mener naturinngrepene i rørgatetraseen vil bli større enn beskrevet i konsesjonssøknaden, og at det er grunn til å tro at det også vil påvirke det biologiske mangfoldet negativt i influensområdet. Tiltakshaver kan vise til lignende gjennomførte prosjekter hvor det å holde et anleggsområde på rundt 6-8 meter som anleggsområde har vært gjennomførbart. Dette er oppnådd gjennom nøye plantegning og stramme føringer for entreprenørens arbeid. Det vil også bli satt krav til maskinleverandør om ikke å bruke store maskiner som trenger større areal for å gjennomføre arbeidet. På grunn av beliggenhet må en beregne å bruke 2 sommersesonger for å ferdigstille arbeidet, og da har en god nok tid til å gjennomføre arbeidet med mindre maskinpark. Med en god oppfølging ved også å være tilstede med egen byggeleder, har lignende prosjekter blitt gjennomført innenfor gitte retningslinjer. Tilsynet for Miljø og Landskap i NVE har også fulgt opp og gitt gode råd under utførelsen, slik at prosjektene har blitt vellykket. Tiltakshaver planlegger samme rutiner for dette prosjektet også.

Flom og skred

Tiltakshaver register seg nevnte punkter vedrørende flom og skred, og at det ikke er vedlagt vurdering fra fagkyndige som avklarer godt nok tiltaket. Ved en eventuell gitt konsesjon vil dette punktet bli ivaretatt i detaljplanen for miljø og landskap.

Konsekvensklassifisering

Tiltakshaver er kjent med at det skal gjennomføres en sikkerhetsklassifisering for dam og rørgate før det eventuelt igangsettes anleggsarbeid etter gitt konsesjon. Det kan nevnes at vurdering for klassifisering allerede er innsendt sammen med konsesjonssøknaden til styret for Jotunheimen Nasjonalpark som er myndighetsorgan sammen med NVE for denne vurderingen. Tiltakshaver antar at NVE har mottatt denne søknaden allerede for vurdering.



Merknad frå saksbehandlar:

Vedtak om konsekvensklassifisering frå NVE ligg føre ved brev av 18.10.19.

Om anleggsarbeidet:

Det er utfordrande terreng å arbeide i, og krav til gjennomføring og istandsetjing må vera ekstra strenge i eit landskapsvernområde. Ein er enig med NVE i at det må vera «tilstrekkelig med masser for å kunne grave ned røygata.» Dette vil kanskje vera største utfordringa når det gjeld røygatestrekninga i den blokkrike hellinga mot den planlagde kraftstasjonen. Dette forholdet må ha sterkt fokus i detaljplanlegginga, og det må også takast høgde for at ein må finne eigna plass og metode for deponering av overskottsmasse frå grøfta. Det er i notat oversendt 12.11.19 frå Kleppconsult AS skissert alternative løysingar som utgreiast nærare i detaljplanlegginga, dersom det ikkje let seg gjera å halde terrenginngrep knytt til røygata på eit akseptabelt nivå.

Sogn og Fjordane fylkeskommune – brev av 23.09.19 – Svar – Offentleg høyring – Skogadalsbøen Mikrokraftverk i Utladalen

«Saka var oppe til handsaming i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i møte 28.08.2019, sak 69/19. Det vart gjort følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkesutvalet er positiv til etablering av eit mikrokraftverk i Skogadøla som kan erstatte bruk av dieselaggregat som energikjelde for drift av turisthytta.
2. Tiltaket ligg i Utladalen landskapsvernområde, og ein føreset at det vert lagt stor vekt på god tilpassing av anlegget til terreng og vegetasjon, og på avbøtande tiltak, inkludert minstevassføring og hekkekasse for fossefall.»

I saksutgreiinga har fylkesrådmannen følgjande konklusjon:

«Fylkesrådmannen meiner nytten av kraftverket vil verte større enn dei negative effektene. Skogadøla er alt påverka av inngrep, og det er ein relativt liten del av restvassføringa som er tenkt nytta. Den aktuelle strekninga vert kryssa av stien frå Vettismorki, men frå sjølve Skogadalsbøen er elva lite synleg. Tiltaket ligg inne i Utladalen landskapsvernområde, og nær eit viktig knutepunkt for friluftsliv og turisme i området. Fylkesrådmannen vil understreke at ein føresetnad for å vere positiv til tiltaket er at det vert lagt stor vekt på god tilpassing av anlegget til terreng og vegetasjon, og på avbøtande tiltak, inkludert minstevassføring og hekkekasse for fossefall.»

Svar frå tiltakshavar

Tiltakshaver registrerer at Sogn og Fjordane Fylkeskommune tar opp punkt om mulig fossefall i elva og er villig til å sette opp hekkedammer under broen for å sikre at fossefallet blir ivaretatt i vassdraget, dersom det blir gitt konsesjon for utbygging.

Tiltakshaver planlegger å følge prosjektet særskilt nøye på grunn av prosjektets beliggenhet i et landskapsvernområde. I detaljplan vil en gi instruksjer ovenfor maskinentreprenør om å ta vare på veksttorv og lagre den på duk under arbeidet og så få lagt den tilbake for å gjøre revegetering så god som mulig i forbindelse med avslutningen av arbeidet ved arrondering. Av erfaring fra andre lignende prosjekter fører dette tiltaket til at veksten gir rask gjengroing, og en korter ned tiden med revegetering. For å opprettholde planlagt minstevannføring vil det bli utarbeidet en teknisk med automatisk overvåkning, og minstevannføringen vil bli logget med timesverdier i henhold til NVE sine retningslinjer.

Merknad frå saksbehandlar:

Forhold som blir vektlagt i uttalen blir teke med vidare i detaljplanlegginga.



Det vil bli teke kontakt med ornitolog for vurdering av behov og eventuell plassering av hekkekasse for fossefall i samband med detaljplanlegginga.

Fylkesmannen i Vestland – Ny uttale ved brev av 25.10.2019 – Tilleggsfråsegn til søknad om bygging av Skogadalsbøen mikrokraftverk - Utladalen landskapsvernområde i Luster kommune

«Ut frå nye opplysningar om at Skogadalsbøen kraftverk kan føre til langt større inngrep enn det som går fram av søknaden, meiner vi søknaden er for dårleg opplyst. Vi meiner at søkjar må utgreie alternativ og reelle konsekvensar som grunnlag for å kunne vurdere om ei energiutbygging kan realiserast med akseptable inngrep i landskapsvernområdet. Det må også utgreiast om andre fornybare energikjelder som solenergi kan redusere bruken av diesel tilstrekkeleg.»

- - -

Det blir vist til den tidlegare høyringsfråsegna av 20.8.2019, og til NVEs fråsegn datert 6.9.2019. Ut frå uttalen til NVE meiner Fylkesmannen i Vestland «at inngrepa knytt til ei utbygging er klart undervurdert i søknaden, og at ein viktig premis for høyringsfråsegna vår dermed var feil.»

Tilleggsuttalen påpeikar vidare:

«Omfattande sprenging og ei så brei anleggsgate som NVE vurderer, vil vere eit svært konfliktfullt inngrep i eit landskapsvernområde og ved eit vassdrag verna mot kraftutbygging. Slike terrenginngrep vil vere synlege i lang tid framover på grunn av kombinasjonen av kort vekstsesong og tynt toppdekke av lausmassar, og dette også vil vere negativt for naturmiljøet ved Skogadøla. Ei utbygging etter søknaden slik den ligg føre, med inngrep slik NVE skisserer, ser vi på som uakseptabelt i landskapsvernområdet. Inngrep i eit slikt omfang vil også vere meir omfattande enn det som er vanleg å akseptere for eit mikrokraftverk, også utanfor verneområde og i område utan slike naturkvalitetar som det er her.

Fylkesmannen har forståing for at det er ønskeleg å skifte til fornybar energi også for turisthytter i verneområde. For å kunne oppnå dette for Skogadalsbøen turisthytte, må redusert dieselforbruk kunne forsvare naturinngrepa knytt til kraftutbygginga. Vi ser i søknaden at vassføringa er for lita om vinteren til at mikrokraftverket vil vere i drift då og dermed erstatte diesel. Vi kan ikkje sjå at forventa reduksjon av diesel og kva det inneber av redusert helikopterfrakt er spesifisert, og dette bør gjerast både for vinter- (først og fremst påska) og sommardrifta, i tillegg til å sjå på kva dette utgjør samanlikna med frakta av andre varer. Vidare bør det utgreiast om alternativ til nedgraven rørgate kan redusere inngrepa ved ei vasskraftutbygging til akseptabelt nivå, og om andre fornybare energikjelder (særleg solenergi) kan vere aktuelt i staden for eit mikrokraftverk for å redusere bruken av diesel.

I eit eventuelt løyve til utbygging må det setjast klare vilkår om kva som er akseptable inngrep. Det må utarbeidast ein detaljplan som er tydeleg på kvar det kan gravast/ sprengast og køyrast, og korleis det skal stellast til etterpå. Det må også leggjast opp til tett oppfølging av entreprenør i anleggsfasen.»

Svar frå tiltakshavar

Tiltakshaver har på ny vurdert forslaget til nedgravd rørgate i sidehelning som er nevnt i høyringsuttalelsene fra NVE og referert til i Fylkesmannens tilleggsuttalelse. Med utgangspunkt i erfaring fra flere tidligere gjennomførte prosjekter, stiller tiltakshaver seg



undrende til NVEs uttalelse. Tiltakshaver har allerede svart på NVEs innsigelse, og fastholder at det er mulig å gjennomføre nedgravd rørgate med 6-8 meters arbeidsbredde. Siden Fylkesmannen i Vestland reiser det samme spørsmålet i en tilleggsuttalelse har tiltakshaver vurdert 3 ulike tiltak for å redusere inngrepet.

Merknad frå saksbehandlar:

Sjå vedlagt notat av 12.11.19 frå Kleppconsult AS, som gjev utførleg greie for moglege alternative løysingar, med omtale og kartillustrasjonar.

Det er i notatet også gjort greie for alternativet med solenergi, men dette vil i liten grad kunne dekkje energibehovet ved bedrifta. Ein kan spare noko diesel ved å anlegge solcellpanel på takflatene utan torvtak, men det blir høg investeringskostnad i høve til nytteverdi. I praksis er vasskraft einaste realistiske alternativet til dieseaggregatet. Spørsmål om vinterdrift er kommentert av tiltakshavar, og ein må kanskje vera budd på at dieselaggregat kanskje må vera eit supplement til vasskrafta ved låg vassføring. Hovudsesongen for Skogadalsbøen er sommaren, og eit vasskraftverk vil kunne ersatte mesteparten av dieselforbruket som er i dag. Dieselaggregatet må uansett kunne ligge som ei naudstraumløysing og eventuelt supplement i påska.

Ein del av uttalen tek opp forhold som må avklarast under detaljplanlegginga, og alle forhold som er vektlagt i uttalen blir teke med vidare i detaljplanlegginga.

Vurdering

Konsesjonssøknad utarbeidd av Kleppconsult AS v/ Johannes Flaata gjer ryddig greie for alle hovudtrekk ved den planlagde utbygginga, og søknaden er vedlagt konsekvensvurdering for biologisk mangfald. Innkomne uttaler er i hovudsak positive til etablering av kraftverket, men NVE peikar på at arbeidsbreidde på kraftgatertrase synest å vera underestimert. Fylkesmannen i Vestland har hekta seg på denne uttalen, og har gjeve ein tilleggsuttale med mange kritiske merknader. Ein del av innvendingane gjeld forhold som uansett må avklarast gjennom detaljplanlegging som skal godkjennast av NVE, i tråd med standard prosedyre for behandling av denne typen anlegg.

Skogadalsbøen turisthytte har tilbydd servering og overnatting til fjellturistar i meir enn 125 år. Turisthytta har gradvis blitt utvida og har nå om lag 80 sengeplassar, med 3500 - 4000 besøkande årleg. Energibehovet blir i dag løyst med dieselaggregatet, og transport av diesel skjer med helikopter. Forbruket er stipulert til 8.-10.000 liter i året, og dette betyr 8-10 helikopterhiv med diesel. Dieseltransporten utgjer i dag om lag ein fjerdedel av den samla helikoptertransporten til Skogadalsbøen, og dette er samtidig den delen av transporten som utgjer størst miljørisiko dersom det skulle skje uhell. Verneforskrifta legg til rette for at fjellturismen skal kunne halde fram og utvikle seg innan gitte rammer. Normalt ville ein ikkje opna for nye tekniske inngrep i dette omfanget innan eit verneområde, men tiltaket må også vurderast opp mot den samla miljøbelastninga som følgjer av drifta av turisthytta i eit langsiktig perspektiv. Vasskraft er rein energi, medan dieselaggregat forsynt med diesel frakta med helikopter kvart år gjev merkbare klimautslepp via transport og aggregatdrift. Utgreiing av mogleg solenergiforsyning viser at vasskraft einaste realistiske alternativet til dieseaggregat.

Skogadøla renn forbi turisthytta, bratt ned mot hovudelva Utladøla. Eit lite kraftverk her vil erstatte rundt 90 % av dieselforbruket, og straumen skal berre nyttast lokalt. Sidan anlegget ikkje er knytt til det ordinære nettet, må det driftast som øydrift. Dette medfører at det må vera



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

ein viss overproduksjon. Det er søkt om ein installert effekt på 85kW som tek høgde for dette. Terrenget set naturlege avgrensingar for kvar ein kan plassere inntak og kraftstasjon. Det er planlagt å nytte eit fall på 50 meter frå dagens drikkevassinntak (kote 850) til ein naturleg avsats ved kote 800. For å få den ønskede effekten på anlegget, blir det søkt om å dimensjonere anlegget til å ta 20% av middelvassføringa. Dette gjev ei maksimal slukeevne på 195 l/s (røyr diameter på 400 mm). Det er rekna at anlegget vil kunne produsere om lag ein halv GWh gjennom året. Som avbøtande tiltak har søkjar sett minstevassføring lik 40 l/s om vinteren og 100 l/s om sommaren. Dei hydrologiske utrekningane viser at det blir svært få dagar med berre ein minstevassføring. For dette prosjektet er det betre å bruke naturlege terrengavgrensingar og nytte litt meir av vatnet enn å byggje lengre røyrgate med større terrenginngrep. Plasseringa synest å vera bra tilpassa dei naturlege føresetnadane i elva.

I anleggsfasen må ein rekne med nokså synlege spor i landskapet, men området er såpass frodig at terrengspor og tekniske anlegg om nokre få år vil kunne dekkjast av ny vegetasjon, dersom det blir lagt godt til rette for dette ved vilkår for anleggsarbeidet. Fjellbjørkeskogen vil også gje skjerming mot innsyn, dersom det gjennom detaljplanlegginga blir tydeleg kartfesta rammer for gravearbeid, rigg- og deponeringsplassar. Det vil i detaljplanlegginga vera viktig å leggje føringar for korleis vegetasjonsmasser på overflata skal samlast opp og takast vare på for bruk som toppdekke ved avslutning av anleggsarbeidet. Ein må rekne med at det blir noko overskott av stein frå røyrgate, som må kunne deponerast på eigna plass(ar). Her er det viktig å finne naturlege søkk i terrenget og plassar med god skjerming i bjørkeskogen. Slike detaljar må fastsetjast i anleggsplanen, og det vil vera viktig med tett oppfølging i anleggsfasen. Det må haldast byggjemøte både ved anleggsstart og undervegs i byggeprosessen, og desse må varslast i god nok tid til at nasjonalparkforvaltar og/eller lokalt SNO kan delta. I byggjemøta må ein kunne vurdere arbeidet og sjå på behov for tilpassingar. Før anleggsslutt må ein ha ei sluttbefaring for å vurdere eventuelle avbøtande tiltak før anleggsmaskiner blir frakta ut.

Dersom detaljplanlegginga viser at ein ikkje kan halde seg innan anleggsbreidda som er oppgjeve i søknaden, må ein vurdere dei skisserte alternativa i notat av 12.11.19 frå Kleppconsult:

A) Redusere røyrdimensjonen frå 400 til 300 mm. Dette gjev også redusert kraftutbytte, og ein er usikkert på om gevinsten av reduserte dimensjon er så stor at den kan forsvare mindre produksjon. Dersom ein først skal opne for å byggje noko bør anlegget ta høgde for å dekkje energibehovet både nå og i framtida.

B) Flytte kraftstasjonen frå kote 800 til kote 810. Dette vil kunne redusere inngrep i sidehellande terreng, men vil også gå ut over produksjonen.

C) Montere del av røyrgate i dagen, framfor å grave ned. Dette gjev mindre omfattande gravearbeid i anleggsfasen, men blir på den andre sida liggjande synleg på overflata i framtida. Primært er det ønskeleg at permanente installasjonar blir dekt til, men ein kan vurdere dette under den føreståande detaljplanlegginga, i samråd med NVE.

Desse alternativa vil bli nærare vurdert i samråd med NVE i samband med detaljplanlegging.

For vurdering etter Naturmangfaldlovas §§ 8-12 viser ein til følgjande:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er dokumentert i rapporten *Skogadøla kraftverk - Biologiske utredninger* frå Ecofact. Det er ikkje registrert raudlistearter som blir negativt råka av tiltaket. Vegetasjon i anleggstraseen vil bli berørt, men den negative påverknaden vil vera tidsavgrensa. Med god terrengtilpassing og krav til å leggje til rette for revegetering med stadeigen vegetasjon, blir konsekvensane for naturmangfaldet vurdert som akseptable. Ein må rekne at det tek nokre år før spora etter gravearbeidet er dekt med ny vegetasjon, og avbøtande tiltak må vurderast både undervegs og ved avslutning av arbeidet, jf. nml § 11 (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*). Anlegget vil ikkje påverke



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

bruken av området eller ha andre indirekte effektar (§10 i nml om økosystemtilnærming og samla belastning. DNT Oslo og omegn har vurdert bruk av solcelle i staden for mikrokraftverk, men det vil berre dekke inn ein liten del av energibehovet på hytta (§12 i nml om miljøforsvarlege teknikkar og metodar).

Konklusjon

Ser ein isolert på terrenginngrep er det ikkje ønskjeleg med eit slik anlegg i eit verneområde, men i ei heilskapleg tilnærming må ein også sjå på klimabelastning i form av utslepp frå transport og frå dieselaggregatdrift. I tillegg vil ein oppnå redusert støybelastning om ein får redusert helikoptertransporten med om lag 25 % (8-10 færre helikopterturar årleg). Den positive effekten av å sleppe å fly inn fleire tusen liter diesel i året blir vurdert å vega opp dei negative konsekvensane av inngrepet, når ein ser på den samla belastninga i eit langsiktig perspektiv. Eit mikrokraftverk vil gje rein energi i framtida, og blir vurdert som eit miljøtiltak. Det vil bli lagt strenge føringar for gjennomføring, slik at anleggsarbeidet følgjer dei føresetnadene som søknaden byggjer på, m.a. med 6-8 meter brei anleggsgate for røygata og best mogleg tilrettelegging for landskapstilpassing og tilrettelegging for revegetering med stadeigen vegetasjon.

Utbyggjar v/ Kleppconsult har i oversending av 12.11.19 og 14.11.19 gått gjennom alle innkomne uttaler, og stiller seg positiv til å imøtekoma merknadene om best mogleg landskapstilpassing m.m. gjennom den vidare detaljplanlegginga.

Vedlagt konsesjonsdokument byggjer på standardvilkår utarbeidd av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Meir detaljerte dispensasjonsvilkår vil bli gjeve når det er utforma ein detaljplan som fyller vilkår sett av NVE i uttale av 06.09.19 og vedtak 18.10.19 om konsekvensklassifisering.

Tett oppfølging av anleggsarbeidet vil vera viktig for å sikre best mogleg tilpassing til landskapet. Nasjonalparkforvaltar og SNO skal varslast om byggemøte i god nok tid for å kunne delta.

Vidare behandling

Dispensasjon frå verneforskrifta for kraftstasjonbygget kan behandlast når det ligg føre detaljerte byggeteikningar. Det vil bli stilt krav om best mogleg landskapstilpassing.

Motorferdsel i anleggsperioden må beskrivast nærare i detaljplanen, som eit grunnlag for behandling av ein dispensasjon etter verneforskrifta. Rutinemessig inspeksjon av inntaket og røygata når nyanlegget står ferdig, må i størst mogleg grad utførast utan bruk av motorisert køyrereiskap, slik at køyrespor kan reparerast og revegeterast så godt som råd etter anleggsarbeidet

Endeleg godkjenning kan skje når detaljplanar som oppfyller krava stilt av NVE ligg føre.



**Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen**

ST 3/2020 Eventuelt